



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsvegen 3273, Rysstad
Sandsvegen 122, Sand
Kommunehuset, Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
sfagpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/svr>

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar Alf Odden

Vår ref. 2024/5029-11 432.2

Dykkar ref.

Dato 15.09.2025

Tilleggsuttale frå Verneområdestyret for SVR etter NVE si synfaring for Røldal Suldal kraftverk 2. september 2025

Verneområdestyret for SVR vil først takke NVE og Lyse Kraft for ei godt planlagt og vel gjennomført synfaring.

Verneområdestyrets administrative tilleggsuttale vil kort omtale tre tema kor det har kome fram ny informasjon gjennom synfaringa og Lyse Kraft sine kommentarar til ulike høyringsinnspel.

1. Samla belastning for Setesdal Ryfylke villreinområde

På bakgrunn av tilgjengelege opplysningar, ser det ikkje ut til at Lyse Kraft/Naturrestaurering sin kommande villreinutgreiing i særleg grad vil omtale samla belastning.


Det siste året har Statkraft sine planar om dobling av pumpekapasiteten til Blåsjø og Otra Kraft sine planar for pumping mellom Botsvatn og Store Urevatn blitt ytterlegare konkretisert. Verneområdestyret vil understreke kor viktig det er å sjå planane for Røldal Suldal kraftverk i samanheng med desse prosjekta. Den samla belastninga på villreinstamma i Setesdal Ryfylke er allereie svært høg, og vil auke dersom dei aktuelle magasina og skulle bli vandringshinder om vinteren.

Slik verneområdestyret vurderer det, vil det være vanskeleg å handsame dispensasjonssøknaden frå Lyse kraft før ein har betre kunnskap om den samla belastninga.

2. Villreinens bruk av isen på Holmavatnet

At isen på Holmavatnet er ein viktig trekkveg for villreinen vart ytterlegare understreka av GPS-registreringane frå sist vinter. Her kom det fram at så mange som 6 av dei 10 GPS-merka dyra i nordområde hadde bruka isen på Holmavatnet ved eit eller fleire høve.

Landskapsvernområde	Dyraheio, Frافjordheiane, Hovden, Kvanndalen, Lusaheia, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, Vormedalsheia
Naturreservat	Hisdal, Lislevatn, Ljosådal, Migaren, Nordraheia, Vidmyr, Ørestø, Øyastøl
Biotopvernområde	Holmavassåno, Steinbuskardet-Hisdalen



GPS-merka villrein sin bruk av isen på Holmavatnet i tidsrommet 01.12.2024-31.05.2025


3. Stenging av anleggsvegen til Sandvatnet for allmenn motorisert ferdsel

Lyse Kraft har kome med tilleggsinformasjon om anleggsvegen til Sandvatnet. Den skal opprustast kraftig mellom anna med to nye tunellar. Den vil og bli vinterbrøyta fram til kraftstasjonen ved Tverrdalen.

Om vegen fram til kraftstasjonen blir open for allmenn motorisert ferdsel om vinteren, vil områda ved Sandvatnet og Holmavatnet bli lettare tilgjengeleg og ein vil få ei sterk auke i ferdsla. Auka forstyrring og ytterlegare belastning på vinterbeiteområde ved Holmavatnet vil være svært negativt for villreinen.

Det har så langt vore relativt lite fokus på villreintrekket mellom Hongsnuten og områda ved Skorpeskar, som kryssar anleggsvegen i Sæbyggedalen. Dette trekket vil bli svært skadelidande dersom vinterbrøyta anleggsveg flytt utgangspunktet for vinterferdsel heilt opp til Tverrdalen, berre 2.5 km frå trekket.

Sist vinter nytta 3 av dei 10 GPS-merka dyra i nordområdet seg av dette trekket.



GPS-merka villrein som kryssa Sæbyggedalen i tidsrommet 01.12.2024-31.05.2025

Verneområdestyret for SVR vil derfor tilrå at den vinterbrøyta anleggsvegen blir stengt for allmenn motorisert ferdsel om vinteren. Bommen kan med fordel plasseres etter den siste garden nede ved Bleskestad.

Med helsing

Alf Odden
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent